



Nemndsvedtak i sak 2007/11

Klagar: Naturvernforbundet i Oslo og Akershus (NOA)
Maridalsveien 120
0461 OSLO

Innklaga: Løvenskiold – Vækerø
Postboks 38 Skøyen
0212 OSLO

Konstituering av nemnda:

Alle nemndsmedlemene var kalla inn til behandling av saka i møte 4. februar 2008. Leiar Noer opplyste at ho er medlem av Naturvernforbundet og erklærte seg inhabil. Medlemet Skarning hadde gyldig forfall og nestleiar avgjorde etter loddtrekking at medlemet Skjølås ikkje skulle delta under behandlinga av saka for å få balanse mellom dei to sidene, jfr forskrift 14. desember 2003 nr. 1572 om Klagenemnda for miljøinformasjon § 5 andre ledd.

Nemnda diskuterte spørsmålet om habilitet generelt og spørsmålet om medlemet Søgner var inhabil i saka spesielt, jfr vedtaket 2006/06. Nemnda kom samrøystes til at Søgner ikkje var inhabil. Nemnda la i vurderinga stor vekt på at nemnda, med unntak for leiar og nestleier, er partssammensett og at dette ivaretek omsynet til balanse. Dei partsopptnemnde medlemene vil normalt ikkje vere inhabile i andre saker enn dei som direkte gjeld det rettssubjektet dei er knytte til. Søgner deltok ikkje då nemnda drøfta om han var inhabil eller ikkje.

Kva saka gjeld:

Naturvernforbundet i Oslo og Akershus (NOA) har klagt Løvenskiold – Vækerø (L-V) inn for Klagenemnda for miljøinformasjon. NOA meiner L-V ikkje har oppfylt plikta verksemda har til å gi informasjon etter miljøinformasjonslova. Informasjonen NOA har etterspurt gjeld kartmateriale over skogområde og opplysningar om hogst og bilkøyring.

Nærare om partane:

L-V opplyser på heimesidene www.lovenskiold.no at verksemda forvaltar 430.000 mål skog. Kvart år blir ca 63.000 m³ tømmer avverka. Tilveksten er på 120.000 m³. L-V har i tillegg ca 3500 mål dyrka mark, der ein i hovudsak dyrkar korn. L-V skriv vidare at verksemda arbeider ut ifrå at naturgrunnlaget skal overleverast til neste generasjon i minst like god stand som det var og at L-V er bevisst på ansvaret overfor komande generasjonar.

Naturvernforbundet arbeider mellom anna for å verne biologisk mangfald. På www.naturvernforbundet.no opplyser forbundet at den inngrepsfrie naturen gjennom det siste hundreåret er redusert frå 48 til om lag 10 prosent av arealet i Noreg. Vern av dei siste villmarkene er derfor ei av dei viktigaste kampsakene til Naturvernforbundet.

NOA ønskjer som ein del av arbeidet å kartleggje dei gjenverande naturskogområda i Oslomarka. Naturskog er av NOA omtalt som fleiraldra skog med innslag av gamle tre. NOA

er derfor spesielt interessert i område der det ikkje har vore flatehogst. NOA har i samband med dette arbeidet kontakta L-V for å få informasjon om tilhøve ved skogdrifta. NOA seier at L-V ikkje har etterkomme all informasjonen som NOA har kravd å få utlevert. Det er også tvist om på kva måte informasjonen skal leverast ut.

Saksgangen:

NOA sendte brev til L-V datert 5. desember 2005 med åtte krav;

- ”1. Detaljkart (1:10.000) over alle arealer med hogstklasse V.
2. Detaljkart (1:10.000) over all skog med bestandeler over 120 år.
3. Detaljkart (1:10.000) over alle nøkkelbiotoper på eiendommene.
4. Detaljkart (1:10.000) over alle administrativt fredede områder (”eget vern”).
5. Fordelingen av årets og fjorårets hogster på ulike hogstformer.
6. Oversikt over kjøretillatelser på veinettet (antall/kategori).
7. Betingelser knyttet til kjøretillatelser.
8. Planer for forvaltning av tidligere dyrka mark på Markaplassene.”

NOA presiserte i brevet at L-V kunne oversende karta som ”shape-up”-filer (dvs elektroniske filer) dersom dette var enklare enn å kopiere på papir. NOA presiserte også at dei ikkje ba om artslister under punkt 3, berre grensene for nøkkelbiotopane, eventuelt med tilhøyrande verdifastsetjing.

I brev datert 4. januar 2006 svarte L-V mellom anna følgjande;

”Totalt areal i hkl V var ved siste takst i 2000 ca 52000 da eller 15,2 % av vårt produktive skogareal. Siden taksten i 1990 har dette arealet økt med ca 2000 da. Vi forventer ikke at dette forholdet er vesentlig endret siden 2000, men forventer at arealet vil fortsette å stige noe også i årene framover. Bakgrunnen for dette er at hkl IV i tiden mellom de to takstene økte med hele 13000 da. Andelen eldre skog er derfor stigende på våre arealer og forventes å være det i en lengre periode.

Ved taksten i 2000 omfattet bestand med gjennomsnittsalder over 120 år 20.240 da. I tillegg finnes det enkelttrær med alder over 120 år i mange av bestandene med gjennomsnittsalder mellom 100 og 120 år. Dessuten er det store arealer med skog eldre enn 120 år i våre nøkkelbiotoper, egne verneområder, på uproduktive arealer og i alle verneområder etter naturvernloven. Disse arealene kommer i tillegg til de som er oppgitt ovenfor.”

L-V skreiv også at kravet omfatta meir enn L-V meinte NOA hadde krav på å få utlevert informasjon om. L-V viste til at noko av informasjonen var tilgjengeleg i offentlige register og elles at NOA var velkomen til L-V i møte.

NOA sendte nytt brev til L-V datert 7. mai 2007. NOA meinte at L-V ikkje hadde svart godt nok på krava og at L-V hadde avslått utan å grunngje avslaget i samsvar med lova. NOA sine krav var stadig aktuelle, spesielt i samband med arbeidet med ny markalov. NOA meinte vidare at det ikkje var nok at L-V viste til offentleg tilgjengeleg informasjon.

L-V svarte i brev datert 20. juni 2007 at dei hadde svart på noko av informasjonen i brevet datert 4. januar 2006, at noko var informasjon dei ikkje hadde og at noko måtte spesifiserast nærare. L-V viste også til at det var tilstrekkeleg å vise til offentlege register, jfr

miljøinformasjonslova (mil.) § 18 og at L-V etter unntaka i mil. § 17 kunne motsetje seg utlevering av kartmateriale. Opplysningar om hogst fanst ikkje skriftleg, men L-V inviterte NOA til å kome på møte og få informasjonen munnleg.

Den 25. juni 2007 sendte NOA nytt brev til L-V der dei ba om at L-V måtte grunngje avslaget. NOA ba også om spesifisering av kva offentlege register L-V viste til. NOA ba L-V vidare om å gjere greie for kva som var grunnlaget for å halde informasjonen hemmeleg etter mil. § 17. Til slutt gjorde NOA det klart at dei heldt fast ved kravet om å få informasjonen skriftleg, men at dei uansett ville kome på møte.

I brev datert 3. juli 2007 skreiv L-V at dei meinte verksemda ikkje hadde gjeve avslag på kravet om informasjon, berre at dei har ønskt å gje informasjonen på annan måte. L-V ville ikkje grunngje avslaget ettersom dei ikkje så på det som eit avslag.

L-V gjentok at NOA kunne få noko av informasjonen dei hadde spurt etter ved å kontakte dei aktuelle kommunane. L-V skreiv vidare at verksemda arbeidde med eit nytt system om naturtyperegistrering og at L-V kunne informere om dette arbeidet i eit møte. Når det gjaldt § 17 om hemmeleghald heldt L-V fast ved at dei hadde grunn til å motsetje seg overlevering av elektronisk kartmateriale. Årsaka til dette var at slik tilgjengeleggjering vil kunne nyttast av konkurrentar i samband med prognosebehandling og innsatsar i tømmermarknaden.

Når det gjaldt hogstdata for 2005 og 2006 ville L-V helst gjennomgå dette i eit møte. L-V opplyste likevel at fordelinga mellom opna og lukka hogstar i desse åra var på høvesvis 14 og 18 prosent. Spørsmålet om køyring svarte L-V ikkje nærare på. L-V opplyste at dei ville ta initiativ til eit møte over sommarferien.

I e-post frå NOA datert 3. september 2007, klargjorde NOA kva spørsmål dei ville oppretthalde etter at det hadde vore utveksling av informasjon og NOA hadde vore hos L-V i møte. NOA heldt fast ved at dei ønskte informasjon om kartdata oversendt i reproduserbar form (skriftleg eller elektronisk) og i ein målestokk som gjorde det muleg å identifisere og avgrense dei aktuelle områda i terrenget. NOA heldt også fast ved kravet om skriftleg informasjon om bilkøyring. NOA skreiv at dei kunne akseptere ein to-trinnsprosess der dei først fekk tilsendt materiale i ein målestokk (1:50.000) og i neste fase fekk kart over dei aktuelle områda i ein større målestokk (1:20.000).

L-V svarte i brev datert 14. september at NOA ville få tilgang til informasjon om nøkkelbiotopar, eige vern, registrerte naturtypar og forvaltningsplan når denne informasjonen låg føre i endeleg form. L-V heldt fast ved at dei ikkje ville overlevere kartdata skriftleg eller elektronisk. L-V viste til at karta inneheldt informasjon som går ut over det NOA har krav på og til at konkurransemessige grunnar gjer at L-V ikkje vil overlevere karta. Tilbod om å møte på L-V sitt kontor for å gjennomgå karta blei gjenteke.

Saksførebuinga for nemnda:

NOA klagar L-V inn for klagenemnda i brev datert 1. oktober 2007. I klagen skreiv NOA at:

”NOA kan ikke akseptere dette avslag, som får sterkt negativ innvirkning på NOA’s mulighet til å arbeide systematisk og faglig forsvarlig med ivaretagelse av de naturverdier som knytter seg til LV’s omfattende eiendommer i Oslomarka.(...)”

NOA's spørsmål fastholdes som angitt i avsnitt 1, 2, 3, 4 og 7 på side 2 i vårt brev av 07.05.2007."

Etter dette ba NOA klagenemnda om å ta stilling til om L-V etter lova hadde svart tilfredsstillende på følgende krav fra NOA:

- Kartmateriale som viser alle naturskogareal i elektronisk eller skriftleg form i målestokk 1:10.000.
- Kartmateriale som viser alle areal med hogstklasse V og areal med skog som er eldre enn 120 år i elektronisk eller skriftleg form i målestokk 1:10.000, dersom dette ikkje kjem fram av karta i første punkt.
- Kartmateriale som viser registrerte nøkkelbiotopar eller administrativt verna område på eigedomane. NOA opplyste at denne informasjonen ikkje fanst på L-V sine heimesider.
- Kva hogstformer som er nytta i 2005 og 2006, prosentvis fordelt.
- Talet på køyreløyve til leietakarar med fritidsbustad i marka og til jakt for åra 2005 og 2006.

Krava svarer til spørsmåla stilt i brevet datert 5. desember 2005 på dei fleste punkt. Samanheldt er det etter dette desse krava nemnda skal vurdere:

1. Detaljkart (1:10.000) over alle areal med hogstklasse V.
2. Detaljkart (1:10.000) over all skog med bestandalder over 120 år.
3. Detaljkart (1:10.000) over alle nøkkelbiotopar.
4. Detaljkart (1:10.000) over alle administrativt freda område ("eige vern").
5. Kva hogstformer (flatehogst og anna type hogst) som er nytta i 2005 og 2006, prosentvis fordelt.
6. Talet på køyreløyve til leietakarar med fritidsbustad i marka og til jakt for åra 2005 og 2006.

Kravet frå NOA er at karta skal overleverast i skriftleg eller elektronisk form.

Det er spørsmål 1 til 6 nemnda tek stilling til i vedtaket. Tidlegare eller seinare tilleggsspørsmål er ikkje del av klagen og nemnda tek derfor ikkje stilling til andre krav enn dei som er lista opp i punkt 1 til 6.

L-V sendte inn tilsvar datert 23. oktober 2007. L-V uttalte at dei meinte verksemda hadde svart godt nok på alle spørsmåla.

Når det gjaldt spørsmål 1-4 i brevet datert 5. desember 2005 uttalte L-V at det var gjeve informasjon i brev og i møte, på L-V sine informasjonstavler og på heimesidene. L-V viste også til kommunale databasar og offentlege register. L-V heldt fast på at dei ikkje plikta å gje informasjonen i kartform. L-V meinte at uansett ville informasjonen falle inn under unntaket om hemmelegghald etter mil. § 17 første ledd bokstav a).

Når det gjaldt krav nummer 5 uttalte L-V at klagenemnda måtte avvise spørsmålet fordi det var for generelt formulert. Uansett meinte L-V at verksemda hadde svart på kravet i brevet datert 4. januar 2006 og ved munnlege opplysningar.

Til krav nummer 6 svarte L-V at verksemda hadde svart på dette i brevet datert 4. januar 2006. Uansett var det ikkje noko L-V måtte svare på.

L-V uttalte at viss klagenemnda meinte at L-V ikkje hadde svart godt nok på eitt eller fleire av spørsmåla, ga mil. § 17 første ledd bokstav c om unntak for forretningshemmelegheiter uansett grunn til å gje unntak frå informasjonsplikta.

Den 14. november 2007 kommenterte NOA tilsvaret. NOA heldt fast ved at L-V ikkje hadde gjeve god nok informasjon. Det var ikkje godt nok å vise til offentlege register. Det var heller ikkje godt nok å invitere til gjennomgang i møte. NOA trong skriftleg reproduserbart materiale for å kunne nytte informasjonen i arbeidet sitt. NOA uttalte at det ikkje var ein trussel for miljøverdiene å gje ut informasjonen, jfr mil. § 17 c). L-V hadde ikkje svart godt nok på spørsmålet om hogst og om køyreløyve. NOA uttalte også og at dei aktuelle opplysningane gjaldt geografisk plassering av område som utgjorde mindre enn 10 % av arealet som L-V forvaltar og at det ikkje var godtgjort eit behov for hemmelegd på grunn av konkurransemessige tilhøve.

I brev datert 26. november 2007 gjentok L-V dei sentrale poenga i synsmåten presentert i tilsvaret.

Nemnda mottok nytt brev frå NOA datert 27. desember 2007 der NOA gjentok dei sentrale poenga i sin synsmåte.

Vurderinga frå nemnda:

1 Lovval

Ettersom spørsmåla ikkje gjeld produktspesifikk informasjon, er det reglane i miljøinformasjonslova som gjeld.

2 Avvisning

Nemnda har registrert at L-V ved eitt høve har gjort gjeldande at eit spørsmål skal avvisast. L-V meiner at NOA ikkje har vore konkret nok på spørsmål 5 om hogstformer og meiner difor at nemnda må avvise spørsmålet, jfr mil. § 16 tredje ledd.

Nemnda meiner at kravet om informasjon om hogstformer og prosentvis fordeling er godt nok konkretisert. Nemnda kan ikkje sjå at det vil vere vanskeleg for L-V å forstå kva NOA ønskjer informasjon om her. Kva type hogstform som er nytta og fordelinga av dette er informasjon som nemnda legg til grunn finst i verksemda og som det bør vere lite byrdefullt å skaffe og gje ut dersom ein blir pålagt dette.

Nemnda vil derfor behandle spørsmålet på lik line med dei andre spørsmåla. Nemnda har heller ikkje på eige initiativ funne grunn til å avvise spørsmål som er stilt av NOA.

Konklusjon under pkt 2:

Nemnda vil behandle alle dei 6 krava som NOA har sett fram.

3 Miljøinformasjon

3.1 Informasjon om skog gjeve i kart

Nemnda må først ta stilling til om den informasjonen som NOA har bede om, er miljøinformasjon slik det er definert i lova.

Omgrepet "miljøinformasjon" omfattar faktiske opplysningar og vurderingar om miljøet, om faktorar som påverkar eller kan påverke miljøet, og om helse, tryggleik og levekår i den grad dei blir miljøpåverka eller kan bli miljøpåverka, jfr mil. § 2.

Av forarbeida til lova, jfr Ot. prp. nr. 116 (2001-2002) side 144 går det fram at;

"For å være miljøinformasjon må informasjon om « miljøet » si noe om tilstanden til miljøelementene som nevnt ovenfor. For eksempel vil kartfestet informasjon om forekomst av forurensset grunn, områder av særlig verdi for biologisk mangfold eller grensene for verneområder, være miljøinformasjon."

Nemnda meiner at den informasjonen som finst i det aktuelle kartmateriale over skog og biologisk mangfald, er faktiske opplysningar som ligg i kjerneområdet for kva som er miljøinformasjon. Karta vil gje oversikt over skog og biologisk mangfald som er ein del av miljøet.

Konklusjon, pkt 3.1:

Kravet om kartmateriale gjeld miljøinformasjon.

3.2 Informasjon om hogstformer

Hogst påverkar miljøet direkte og type hogstform og talmateriale om hogst er data som seier noko om miljøtilstanden i eit område. Informasjon om hogstformer er difor opplysningar om tiltak som påverkar eller kan påverke miljøet, jfr mil. § 2 første ledd bokstav b. Nemnda har difor kome til at informasjonen om hogstformer er miljøinformasjon.

Konklusjon, pkt 3.2:

Kravet om informasjon om hogstformer gjeld miljøinformasjon.

3.3 Informasjon om køyreløyve

Køyning med motorvogn vil ha konsekvensar for naturopplevingar i eit skogområde, særleg knytt til støy, og kan også ha konsekvensar for dyrelivet. Dette gjeld også køyning på vegar der lov om motorferdsle i utmark ikkje gjeld. Den aktuelle køyninga er difor ein aktivitet som kan påverke miljøet og informasjon om talet på køyreløyve er etter nemndas syn miljøinformasjon.

Konklusjon, pkt 3.3:

Kravet om informasjon om køyreløyve gjeld miljøinformasjon.

4 Retten til å få miljøinformasjon

Det er likevel ikkje slik at ein har rett til å få opplysningar om all informasjon som fell inn under definisjonen i § 2. Spørsmålet om kor langt retten går og motsett kor langt plikta går til å gi slik informasjon, må nemnda vurdere konkret etter mil. § 16, jfr § 9.

Etter mil. § 16 har ein rett til å få miljøinformasjon om ”forhold ved virksomheten, herunder dens innsatsfaktorer og produkter, som kan medføre en ikke ubetydelig påvirkning på miljøet.”

Saka reiser spørsmål om kva informasjon innan skogbruket som er å sjå som miljøinformasjon ein har plikt til å gje ut etter lova. Spørsmålet blei drøfta av nemnda under behandlinga av sak 2006/06 mot Ulvig Kiær. I vedtaket heiter det at:

”Lovgiver har vært innforstått med at virksomheter som direkte tar sikte på utnyttning av biologiske naturressurser medfører særskilte utfordringer i forhold til loven. Dette skyldes at man har å gjøre med virksomheter som nødvendigvis medfører inngrep i naturen samtidig som man har å gjøre med lovlig næringsvirksomhet. Det vil derfor kunne oppstå konflikter mellom samfunnets ønske om miljøinformasjon og bedriftens behov og interesser knyttet til utøving av næringsvirksomheten. Klagenemnda viser her til Ot.prp. nr. 116 (2001-2002) der det i spesialmerknadene til § 9 på s. 156 heter:

Virkninger på naturressurser og biologisk mangfold kan i prinsippet forårsakes av enhver virksomhet, i ulik grad. I forhold til kriteriet ”ikke ubetydelig miljøpåvirkning” er der særlig viktig å ha kunnskap om hvorvidt virksomheten kan berøre truede eller sårbare arter, leveområder for truede arter, andre områder av særlig verdi for det biologiske mangfold, eller vernede områder. Andre viktige forhold er driftens omfang og driftsmåter og deres påvirkning på naturgrunnlaget.

Særskilte spørsmål i denne forbindelse knytter seg til virksomhet som direkte er knyttet til utnyttning av biologiske naturressurser, slik som fiske, skogbruk og landbruksvirksomhet. For skogbruk vil det i forhold til kunnskapsplikten i § 9 være relevant å ta utgangspunkt i de forhold som er beskrevet i Levende Skogs standarder for et bærekraftig norsk skogbruk.”

Når det gjaldt koplinga til Levende Skog-standardene uttalte klagenemnda at;

”Når det gjelder henvisningen til Levende Skog i forarbeidene sies det at ”det vil være relevant å ta utgangspunkt i disse”. Uttrykket ”ta utgangspunkt i” kan trekke i retning av at man ved vurderingen av omfanget av kunnskapsplikten for skogbruket ikke utelukkende skal legge til grunn Levende Skog-standardene. Grunnet det forhold at alle sentrale interessegrupper har vært representert i arbeidsgruppen – hvilket også lovgiver åpenbart har vært kjent med – bør imidlertid kunnskap om Levende Skog-standardene normalt være tilstrekkelig for skogbruket til å oppfylle miljøinformasjonslovens krav om plikt til kunnskap om miljøinformasjon. Klagenemnda vil her også vise til at det i forarbeidene heller ikke er noen holdepunkter knyttet til når oppfyllelse av Levende Skog-standardene i tilfelle ikke bør være tilstrekkelig for å oppfylle kunnskapsplikten. Rent generelt skal man også være tilbakeholden med å legge stor vekt på enkelt formuleringer og uttrykk i forarbeider idet ordvalgene i forarbeidene normalt ikke er like gjennomtenkt som i

forhold til ordlyden i selve lovteksten. Etter klagenemndas oppfatning bør det etter dette derfor bare unntaksvis oppstilles krav om strengere kunnskapsplikt enn det som følger av Levende Skog-standardene. Noe annet er at Levende Skog-standardene ikke regulerer alle forhold, og i slike tilfeller må kunnskapsplikten vurderes på friere grunnlag.”

Nemnda uttalte i avgjerda mot Ulvig Kiær at;

”Med basis i forholdet og sammenhengen mellom kunnskapsplikten og retten til miljøinformasjon, innebærer dette at i forhold til skogbruksnæringen er retten til miljøinformasjon i utgangspunktet (jf. ovenfor om kunnskapsplikten) begrenset til innholdet i Levende Skog-standardene samt de særskilte reglene som gjelder for skogregistrering og skogbruksplan, jf. skogbruksloven § 5.”

Nemnda kjem tilbake til konklusjonen på denne problemstillinga etter først å ha sett nærare på dei enkelte spørsmåla og dei unntaksreglane som L-V har vist til.

Spørsmåla frå NOA om utlevering av kart etter punkt 1 – 4 legg opp til vurderingar som på fleire punkt vil likne kvarandre. Difor vil nemnda ta stilling til kravet om miljøinformasjon ved å drøfte krava 1-4 under eitt. Krava i nummer 5 og 6 vil nemnda drøfte separat.

5 Dei einskilte spørsmåla

5.1 Krav 1-4 om kartmateriale

Kravet gjeld:

1. Detaljkart (1:10.000) over alle areal med hogstklasse V.
2. Detaljkart (1:10.000) over all skog med bestandsalder over 120 år.
3. Detaljkart (1:10.000) over alle nøkkelbiotopar.
4. Detaljkart (1:10.000) over alle administrativt freda område (”eige vern”).

5.1.1 Kan L-V avslå krav om informasjon etter unntaksheimelen i mil. § 17 første ledd a?

L-V skreiv i tilsvaret at L-V meiner verksemda kan avslå informasjonen etter mil. § 17 første ledd bokstav a fordi informasjonen kan kome på avvege og bli nytta som ledd i miljøkriminalitet.

I mil. § 17 første ledd bokstav a heiter det at:

”Krav om miljøinformasjon kan avslås dersom

a) unntak er påkrevd fordi offentlighet ville lette gjennomføringen av handlinger som kan skade deler av miljøet som er særlig utsatt eller som er truet av utryddelse”

Når det gjeld forståinga av føresegna, viser nemnda til Ot.prp. nr. 116 (2001-2002) side 170 der det er skrive at;

”Bestemmelsen skal være en sikkerhetsventil for å beskytte helt spesielle og truede miljøverdier. Det må dreie seg om en ikke ugrunnet fare for at opplysningene kan brukes til skade for spesielt utsatte miljøverdier, slik som for eksempel arter som er etterstrebet av samlere, eller lokaliteter som er sårbare for forstyrrelse og lignende. Dette kan for eksempel være informasjon om voksesteder for truede eller sjeldne planter, og informasjon om hekkesteder, hi, ynglesteder og lignende for bestemte arter

eller bestander. Bestemmelsen gjelder både arter som er fredet i henhold til lov eller særskilt vedtak, og arter som ellers anses truet, men som ikke er omfattet av fredning eller andre vernevedtak.”

Nemnda meiner at L-V ikkje har godtgjort at det i dette høvet ligg føre ei fare ved ikkje å halde informasjonen hemmeleg. Nemnda har ikkje opplysningar om at det er knytta ein reell risiko til å gje ut informasjonen her. Nemnda har etter dette kome til at saka ikkje kjem inn under unntaket.

Konklusjon under pkt 5.1.1:

L-V kan ikkje avslå kravet etter mil. § 17 første ledd bokstav a.

5.1.2 Kan L-V avslå krav om informasjon etter unntaksheimelen i mil. § 17 første ledd c?

L-V har også gjort gjeldande at verksemda har rett til å avslå kravet om informasjon etter mil. § 17 første ledd bokstav c fordi det er forretningshemmelegheiter. Nemnda må vurdere om det er grunnlag for å avslå kravet på dette grunnlaget.

Utgangspunktet etter mil. § 17 første ledd bokstav c er at ein kan avslå kravet dersom

”informasjonen som etterspørres angår tekniske innretninger og framgangsmåter, samt drifts- eller forretningsforhold som det vil være av konkurransemessig betydning å hemmeligholde av hensyn til den som opplysningen angår.”

I Ot.prp. nr. 116 (2001-2002) side 171 er det vist til at ”Bestemmelsen har samme anvendelsesområde som forvaltningsloven §13 første ledd nr. 2 om forvaltningens taushetsplikt for forretningshemmeligheter.”

Det følgjer av ordlyden at ein både skal vurdere om opplysningane gjeld drifts- eller forretningstilhøve og at ein skal vurdere dei konkurransemessige konsekvensane av å frigi opplysningane. Det er difor lagt opp til ei toledda vurdering.

I Ot.prp. nr. 116 (2001-2002) side 160 er fleire moment omtalte som relevante i vurderinga. Om det kan føre til økonomisk tap eller redusert vinning å frigi opplysningane, om verksemda har vektige grunnar for å halde informasjonen hemmeleg, i kva grad allmenne omsyn trekk i retning av frigjeving og om opplysningane faktisk er haldne hemmelege, er moment som nemnda vil vurdere.

På same sida i forarbeida er det gjort greie for kva som er kjerneområdet etter føresegna;

”Kjerneområdet for taushetsplikt etter bestemmelsen vil ut fra dette være informasjon om produksjonsmetoder og nye produkter som er under utvikling og lignende som konkurrenter kan bruke på tilsvarende måte i egen virksomhet.”

Vidare er det skrive at;

”Det er først og fremst i de tilfellene der miljøinformasjonen vil avdekke sammensetningsopplysninger, produksjonsmetoder og lignende som ikke allerede er kjent, at taushetsplikten vil gjøre seg gjeldende.”

Nemnda har i tidlegare praksis lagt til grunn at ein påstand om å avslå eit krav med heimel i mil. § 17 første ledd bokstav c må vere grunngeve og at behovet må vere godtgjort av den som krevjer hemmelegald. Sakene om informasjon om tropisk tømmer (sak nr 2004/18 og 2005/10) tener som døme på dette.

I denne saka har L-V i tilsvaret hevda at;

”Som nevnt er det opplyst i innklagedes svar at dersom slik informasjon gis elektronisk, vil disse skoglige data bli tilgjengelig både for innsyn og prognosebehandling med den konsekvens at aktører i bransjen kan utnytte slik informasjon til innsatser i tømmermarkedet. Dermed er både kravet til opplysningens art (drifts- eller forretningsforhold) og at offentliggjøring i den aktuelle form vil ha konkurransemessig betydning, oppfylt.”

L-V uttaler vidare at informasjonen faktisk er hemmeleg og skriv at;

”Det er på det rene at dette er informasjon som innklagede faktisk holder hemmelig og som en ikke går ut med til andre.”

NOA har møtt dette med å svare at opplysningane dei ønskjer gjeld eit geografisk område som utgjer mindre enn 10 % av L-V sitt totale areal og at det stort sett er vanskeleg tilgjengelege skogområde med redusert avkastingsverdi for L-V. NOA har også vist til at det ligg føre ei sterk, allmenn interesse i å få utlevert opplysningane og at omsynet til offentlegheit veg tyngre enn L-V sitt behov for hemmelegald.

Sjølv om det er nye produksjonsmetodar som er i kjerneområdet for føreseigna, meiner nemnda at det er på det rene at dei aktuelle opplysningane gjeld drifts- og forretningstilhøve ved verksemda. Nemnda går derfor ikkje nærare inn på dette.

Nemnda meiner derimot at det ikkje er tilstrekkeleg godtgjort at denne informasjonen er konkurransefølsam i den grad L-V har hevda. Klagenemnda har derfor kome til at krav om å avslå informasjonskravet etter mil. § 17 første ledd bokstav c ikkje kan føre fram.

I vurderinga har nemnda lagt avgjerande vekt på føremålet med lova som er å ”sikre allmennheten tilgang til miljøinformasjon og bidra til at ein lettare kan påvirke offentlege og private beslutningstakere i miljøspørsmål”, jfr mil. § 1. NOA har godtgjort at organisasjonen har eit behov for å få tilgang til opplysningane i kartmaterialet for å ha ein reell mulegheit til å arbeide med vern av skog, til dømes i samband med arbeidet med ny markalov.

L-V har hevda at det er fare for at konkurrentar som får tilgang til opplysningane i kartmaterialet kan kome til å nytte informasjonen som prognosegrunnlag for uttak av tømmer og på denne måten få eit fortrinn i marknaden. Nemnda oppfattar dette som ei generell innvending og ikkje som ei godtgjering av at det ligg føre ein reell fare for at informasjonen vil bli nytta på denne måten. L-V har heller ikkje godtgjort at verksemda vil lide tap eller oppnå lågare økonomisk vinning ved å gje ut informasjonen. Nemnda legg dessutan til grunn at informasjon om kubikkmasse, som vil vere ein føresetnad for å kunne nytta opplysningane som prognosegrunnlag, ikkje følgjer av karta.

Nemnda kan heller ikkje sjå at opplysningane faktisk er haldne hemmelege. Det er frå L-V si side opplyst at NOA allereie har fått tilgang til informasjonen i møte, i tillegg til at noko er opplyst i brev og munnleg. Nemnda vurderer situasjonen slik at L-V ikkje ønskjer fokus og blest rundt opplysningane og kan ha økonomiske og marknadsmessige grunner for dette, men at informasjonen likevel reelt sett ikkje er hemmeleg. Vilkåret for å unnta L-V for informasjonsplikt etter lova er etter dette difor ikkje oppfylt.

Konklusjon under pkt 5.1.2:

L-V kan ikkje avslå kravet om informasjon etter mil. § 17 første ledd c)

5.1.3 Har L-V informasjonsplikt?

Spørsmålet nemnda må ta stilling til er om den informasjonen som NOA har kravd i punkt 1-4 gjeld "forhold ved virksomheten (...) som kan medføre en ikke ubetydelig påvirkning på miljøet", jfr mil. § 16 og punkt 4 ovanfor.

Spørsmålet om informasjonsplikt for kartdataene i spørsmål 1-4 har fellestrekk med spørsmålet i saka mot Ulvig Kiær som gjaldt krav om å få oversikt over registrerte, verdifulle naturmiljø og restaureringsbiotopar, inkludert informasjon om naturtypar og nøkkelbiotopar. I nemndsvedtaket står det at;

"Flertallet viser her til skogbruksloven § 5 annet ledd der det fremgår at " *Oversikt over miljøverdiane som kjem fram gjennom skogbruksplanlegginga skal vere offentleg tilgjengelege,...*". Dette innebærer at innklagede er forpliktet til gi opplysninger om miljøet som kommer fram av kartgrunnlagene til skogbruksplanen med tilhørende merknader, og i selve skogbruksplanleggingen. Etter flertallets oppfatning har man imidlertid kun plikt til å gi fra seg opplysninger om **resultatet** av registreringer og ikke de **vurderinger** som ligger til grunn i forhold til hvilke opplysninger som er tatt med. Det vises her til lovens ordlyd som fremhever at offentligheten er knyttet til oversikten over de miljøverdiene som kommer fram i skogbruksplanleggingen. Skogbruksplanleggingen omfatter på sin side "skogregistreringer som gir oversikt over skog- og miljøressursane på eigedomen...", skogbruksloven § 5 første ledd.

Flertallet vil etter dette konkludere med at det foreligger informasjonsplikt knyttet til opplysninger om nøkkelbiotopregistrering og de registrerte miljøverdiene som fremkommer i kartgrunnlagene til skogbruksplanen og deres merknader, og i selve skogbruksplanen."

Krav 3 frå NOA gjeld krav om å få detaljkart over alle nøkkelbiotopane og konklusjonen må bli den same her som i Ulvig Kiær-saka.

Ettersom omgrepet "nøkkelbiotop" ikkje er klart definert i lovverket og NOA heller ikkje sjølv har tydeleggjort kva NOA meiner skal vere definisjonen på omgrepet, finn nemnda grunn til å kople omgrepet opp mot omgrepet i Levende Skog-standarden, jfr utgreiinga ovanfor. Nemnda har etter dette kome til at NOA har rett til informasjon om nøkkelbiotopar slik omgrepet er nytta i standarden.

Dei neste krava gjeld informasjon om areal med hogstklasse V og område med skog med bestandalder over 120 år. Nemnda meiner at også dette er informasjon som inngår i

kartgrunnlaga til skogbruksplanen og som L-V har kunnskapsplikt om etter Levende Skog-standard.

Nemnda finn det vidare klart at L-V har kunnskapsplikt og informasjonsplikt om dei såkalla "administrativt freda" områda, område som også vert omtalt som "biologisk viktige område". Nemnda legg til grunn at det administrative vernet av desse areala mellom anna har årsak i at areala har viktige miljøverdiar på line med nøkkelbiotopar og skog med bestandalder over 120 år. At L-V ikkje har plikt til å ha administrativt verna område kan ikkje få verknad her, når faktum først er at L-V held seg med slike areal. Det er den faktiske situasjonen i skogen som er av interesse som miljøinformasjon, ikkje den rettslege.

Nemnda har kome til at NOA har krav på å få opplysningane utlevert, jfr også drøftinga foran under pkt 4.

Konklusjon under pkt 5.1.3:

L-V har informasjonsplikt om nøkkelbiotopar, jfr Levende Skog-standard, areal med hogstklasse V, område med bestandalder over 120 år og administrativt freda område.

5.1.4 Er informasjonsplikta oppfylt?

I Ulvig Kiær-saka (sak nr 2006/06) kom fleirtalet til at det var tilstrekkeleg å vise kartmaterialet på forespurnad slik Ulvig Kiær hadde gjort. Fleirtalet skreiv at:

"I forhold til nøkkelbiotoper, har innklagede besvart henvendelsen i brev 20. januar 2006 gjennom å vise til at dette er kartfestet i landskapsplanen, og at kartet kan forevises på anmodning. Etter flertallets oppfatning har innklagede gjennom dette oppfylt sin informasjonsplikt i forhold til nøkkelbiotoper. Det må også være tilstrekkelig at kartfestingen kan vises ved anmodning, jf. miljøinformasjonsloven § 18 første ledd der det fremgår at informasjonen kan utleveres i den formen vedkommende anser hensiktsmessig."

Fleirtalet kom med andre ord til at det var tilstrekkeleg å gje oversikt over nøkkelbiotopar ved å la klagar få sjå kartgrunnlaget der biotopane var avmerkte. Fleirtalet tok ikkje eksplisitt stilling til spørsmålet om utleveringsform når det gjaldt informasjon om registrerte miljøverdiar, men viste til at den utgreinga Ulvig Kiær hadde gjeve skriftleg ikkje var god nok.

Den klagenemnda som behandlar saka mellom NOA og L-V, kan ikkje følgje fleirtalet i Ulvig Kiær-saka. Den operative nemnda i vår sak har fem medlemmer – mot tre i Ulvig Kiær-saka og to av medlemmene er nyttnemnte. Når nemnda slik både er forsterka og fornya kan det ikkje vere problematisk at relativt ny praksis blir fravike.

I vurderinga etter mil. § 18 om val av utleveringsmåte, vil klagar sitt behov for informasjonen og preferanse når det gjeld utleveringsmåte vere relevante moment. Sjølv om utgangspunktet er at informasjonen kan gjevast i valfri form, vil det kunne vere høve der ein spesiell utleveringsmåte er påkravd. Verksemda står derfor likevel ikkje heilt fritt i val av utleveringsform. Det følgjer av Ot.prp. nr. 116 (2001-2002) side 171:

"Dersom muntlig overlevering ville gjøre det vanskelig å få overlevert informasjonen på grunn av stor informasjonsmengde eller lignende, må informasjonen gis skriftlig. Det samme gjelder dersom kravet for eksempel gjelder tekniske opplysninger eller informasjon knyttet til kart eller tegninger."

Nemnda meiner at kartdataene etterspurt i punkt 1 og 2, dvs. oversyn over hogstklasse V og oversyn over skog med bestandalder over 120 år, er informasjon av ein slik art at den må leverast ut skriftleg. Nemnda legg vekt på at NOA er ein interesseorganisasjon som i stor grad er avhengig av frivillig innsats og ikkje enkelt kan oppsøkje L-V sitt kontor for å gjennomgå karta i kontortida kvar gong dei måtte ha behov for det.

Nemnda legg til grunn at det er enkelt for L-V å omarbeide karta slik at dei etter redigering berre inneheld informasjon om hogstklasse V og skogbestand med alder over 120 år. Det har ikkje kome fram at skriftleg eller elektronisk utlevering av kartmaterialet er praktisk vanskeleg for L-V. At NOA har godtgjort at organisasjonen har behov for å få informasjonen i skriftleg eller elektronisk form, samanheldt med utgreinga i forarbeida om dette og sett i lys av føremålet med lova, er etter nemnda sitt syn tilstrekkeleg grunnlag for at det i dette tilfellet må påleggjast L-V å gje informasjonen skriftleg, enten på papir eller elektronisk.

Når det gjeld informasjon om nøkkelbiotopar vil dei samme omsyna langt på veg gjelde. For å gjere utleveringskravet så presist som mulig, viser nemnda til definisjonen av nøkkelbiotop i Levende Skog-standarden kravpunkt 4 "biologisk viktige område." For denne informasjonen kjem i tillegg at den kan vere å finne i offentlege register, jfr mil. § 18 andre ledd andre punktum.

Nemnda legg til grunn at informasjon om ei rekkje av nøkkelbiotopane er gjeve til aktuelle kommunar og/eller fylkesmenn. Dette kan vere noko utdatert informasjon men også heilt oppdatert informasjon, jfr opplysningane frå L-V om arbeidet med oppdatering av biologisk viktige område. Det er ikkje nødvendig for nemnda å ta stilling til kva informasjon om nøkkelbiotopar som finst i offentlege register og kva som førebels berre finst hos L-V. Nemnda går uansett, på bakgrunn av opplysningane frå L-V, ut frå at noko finst i offentlege register. Difor kan L-V for delar av det etterspurde vise til § 18 andre ledd andre punktum.

Det følgjer av forarbeida at den retten den som sit på informasjonen har til å vise til offentlege register ikkje er utan unntak, jf. Ot.prp. nr. 116 (2001-2002) side 171-172 der det står skrive at;

"Det er imidlertid presisert at denne framgangsmåten bare kan benyttes hvor innsynsbegjæringen kan besvares tilfredsstillende på denne måten. Det innebærer at henvisning til rapporter eller registre eller lignende ikke oppfyller kravet dersom dette betyr at det i praksis blir vanskelig for den som ber om informasjon, å få svar på det vedkommende ønsker. Det kan for eksempel være tilfelle hvor det er lagret store mengder informasjon og det er vanskelig å finne fram til det som er relevant, eller det krever omfattende sammenstillinger av informasjonen for at vedkommende skal få svar på sitt spørsmål."

På side 169 står det vidare at;

"Men retten til miljøinformasjon har et materielt innhold. Den som mottar et krav om miljøinformasjon, må derfor etter beste evne og innenfor rimelighetens grenser svare

og formidle informasjonen på en måte som er forståelig og meningsfylt. Hvor disse grensene går kan variere både med spørsmålet og med ressurser og kvalifikasjoner til både den som spør og den som gir informasjonen.”

Dette tyder at det skal skje ei veging av interesser, der ressursbruken på begge sidene vil være relevant. I saka framstår det som rimeleg klart at det ikkje kan vere særleg byrdefullt for L-V å gje ut informasjonen om nøkkelbiotopar samla til NOA. Då vil det samsvare dårleg med føremålet etter lova å stå hardt på retten til å vise til offentlege register.

Det siste kravet gjeld informasjon om dei administrativt freda områda. Her er det for det første viktig å vere klar over at den einskilte skogeigar ikkje er lovpålagt å setje av område som "administrativt freda areal". Men viss bedrifta har gjort dette og ikkje minst kommuniserer ut at det er treft slike interne vedtak, vil informasjon om storleik og geografisk plassering vere miljøinformasjon som ein kan krevje utlevert.

På L-V sine heimesider er omfanget av det administrative vernet opplyst, men det er ingen opplysningar om kvar dei freda områda er. Å vise til heimesidene er difor ikkje tilstrekkeleg. Nemnda har kome til at NOA kan krevje utlevert kart, skriftleg eller elektronisk som viser kvar desse areala er.

I saka har det kome fram at dei relevante kartopplysningane finst elektronisk og som papirkart. NOA har primært bede om utlevering av elektroniske kart. Nemnda kan ikkje sjå at NOA kan krevje den aktuelle informasjonen elektronisk når papirkart vil gjere same nytta med omsyn til korrekt og presis informasjon. At det vil vere lettare for NOA å nytte informasjonen om den kjem elektronisk, kan ikkje få vekt etter miljøinformasjonslova. Det primære føremålet etter lova er å sikre tilgang til informasjon, ikkje også tilgang til informasjon på ein måte som gjer det lett å omarbeide informasjonen vidare.

Så lengje L-V har større motstand mot å utlevere elektroniske kart enn papirkopiar, må nemnda ta omsyn til dette og knytte informasjonskravet til det mediumet som L-V føretrekkjer, så lengje dette uansett tilfredsstiller krava etter miljøinformasjonslova.

Konklusjon under pkt 5.1.4

L-V har ikkje oppfylt plikta til å gje informasjon og må utlevere kartgrunnlag som nemnt i spørsmål 1-4 til NOA, enten i skriftleg eller i elektronisk form.

5.2 Spørsmål 5 om hogstformer

Kravet gjeld:

5. Kva hogstformer som er nytta i 2005 og 2006, prosentvis fordelt.

5.2.1 Har L-V informasjonsplikt?

Nemnda har kome til at NOA har krav på å få informasjon om hogstformene, jfr mil. § 16.

Nemnda har lagt vekt på at arealbruk og påverknad av biologisk mangfald eksplisitt er nemnt som typiske tilhøve ein har krav på informasjon om etter lova. Nemnda viser også til punkt 4 og legg til grunn at informasjon om hogstformer og tilhøvet mellom dei ulike formene for hogst er informasjon L-V har kunnskapsplikt om, jfr mil. § 9.

Konklusjon under pkt 5.2.1:

L-V har informasjonsplikt om hogstformene.

5.2.2 Er informasjonsplikta oppfylt?

L-V svarte slik i brev til NOA som er datert 3. juli 2007;

”Forespørselen om hogstdata for 2005 og 2006 er ikke besvart da vi mente det var hensiktsmessig å gjennomgå alle punktene i et møte. Vi kan opplyse at fordelingen mellom åpne hogster og lukkede hogster i disse årene var henholdsvis 14 % og 18 %.”

Nemnda forstår det slik at dette tyder at 14 % av hogsten i 2005 var lukka hogstform og at talet var 18 % i 2006. Nemnda har kome til at den informasjonen L-V har gjeve tilfredsstillende krava etter lova. Dersom NOA ville vite meir om hogsten legg vi til grunn at dette kunne blitt eller har blitt gjeve i møte. Spørsmålet om hogstformer måtte vore nærare konkretisert dersom L-V skulle hatt plikt til å svare meir utfyllande.

Konklusjon under pkt 5.2.2:

L-V har oppfylt informasjonsplikta.

5.3 Spørsmål 6 om køyreløyve

Kravet gjeld:

6. Talet på køyreløyve til leietakarar med fritidsbustad i marka og til jakt for åra 2005 og 2006.

5.3.1 Har L-V informasjonsplikt?

Spørsmålet er om talet på køyreløyve er informasjon L-V pliktar å levere ut etter mil. § 16. Eit vilkår etter mil. § 16 er at det må liggje føre ein ”ikke ubetydelig påvirkning på miljøet.” Det er også eit vilkår at kravet må gjelde ”forhold ved virksomheten”.

Som eit utgangspunkt legg nemnda til grunn at allmenn køyring på private skogsbilvegar, vegar som eigaren av ein eller annan grunn ikkje held stengt, ikkje kan vere omfatta av ”forhold ved virksomheten”. Men om grunneigaren har valt å stengje vegen for allmenn ferdsle og berre opnar opp for køyring etter særskilt løyve, vil dette kunne bli ”forhold ved virksomheten”. Særleg klart er dette når tilhøva er som i vår sak: Køyreløyve blir gjeve i direkte samband med utleige av fritidsbustader mv. og løyve til jakt. Då blir køyringa ”forhold ved virksomheten”.

Det er ikkje etter lova eit vilkår om at påverknaden må vere stor eller direkte, jfr også tidlegare vedtak om miljøpåverknaden ved import av tropisk tømmer. Når det nærare gjeld vilkåret om påverknad, viser nemnda til fråsegner i Ot.prp. nr 116 (2001-2002) side 169 der det i samband til vurderinga om påverknad er skrive at;

”Blant forhold som generelt er relevante å vurdere, kan nevnes forurensning, herunder støy, forbruk og produksjon av produkter, avfall, energiforbruk, arealbruk, transport, påvirkning på det biologiske mangfold og forbruk av eller utnyttelse av naturressurser, både biologiske ressurser og andre naturressurser.”

I saka er det tale om motorferdsle i eit område som er både historisk og geografisk spesielt, Nordmarka. Nemnda viser til at det har vore og framleis er strenge reglar for bruk av motorkøyretøy i marka. Dette er ein praksis som både grunneigarar og friluftsinteresser har vore samde om. Den strenge, private praksisen vitnar om ei felles forståing av at ein ønskjer å verne marka mot unødvendig motorferdsle.

I Miljøverndepartementets høyringsnotat 25. juni 2007 med utkast til "lov om naturområder i Oslo og nærliggende kommuner (Marka)", er det i § 8 andre ledd gjort framlegg om at:

"Departementet kan ved forskrift forby eller begrense ferdsele med motorkjøretøy på privat veg for andre enn fastboende og besøkende til disse når ferdsele ikke har erverv, forvaltning eller oppsyn til formål eller skjer i politi-, ambulanse-, brannvern- eller sikringsøyemed. Det kan fastsettes regulerende bestemmelser for eller lovlig ferdsel med motorkjøretøy på vegene."

Nemnda kan ikkje nytte eit lovutkast som grunnlag for sine vedtak, men utkastet er likevel av interesse ved at det syner at Nordmarka har ein særleg status, ein status som er så spesiell at det ligg føre framlegg om å gje departementet kompetanse til å setje grenser for køyring på veg, ikkje berre for køyring i utmark. Nemnda må vurdere terskelkravet ("ikkje ubetydelig påvirkning") i lys av den særlege statusen området har. Sjølv om nemnda ikkje kan sjå at L-V er lovpålagt å ha informasjon om køyreløyve knytt til utleige og jakt, jfr mil. § 9, er det likevel slik at L-V driv eigen kontroll med talet på køyreløyve. Dette er informasjon som L-V faktisk har og som NOA har krav på å få utlevert.

Nemnda har kome til at L-V har plikt til å opplyse om talet på køyreløyve.

Konklusjon under pkt 5.3.1:

L-V har informasjonsplikt om køyreløyve.

5.3.2 Er informasjonsplikta oppfylt?

L-V har i brev datert 26. november 2007 opplyst at dei som leiger fritidseigedomar som hovudregel får 12 turar i året. Nokre større stader får faste køyreløyve, men det er her berre tale om helgekøyring. L-V har ikkje opplyst talet på køyreløyve knytta til jakt.

Nemnda meiner at L-V har svart godt nok på spørsmålet om køyreløyve for fritidseigedomar, men at dei må svare på kor mange løyve som er gjeve til jakt.

Konklusjon under 5.3.2

L-V har oppfylt informasjonsplikta som gjeld motorisert køyring for fritidsbustader, men må svare på spørsmålet om køyring i samband med jakt.

6 Konklusjon:

L-V har ikkje oppfylt informasjonsplikta etter miljøinformasjonslova § 16 når det gjeld krava i punkt 1-4 og delvis punkt 6.

Vedtak:

Med heimel i lov 9. mai 2003 nr. 31 om rett til miljøinformasjon og deltakelse i offentlige beslutningsprosesser § 19 gjer nemnda dette samrøystes vedtaket:

- L-V må innan 30 dagar frå vedtaket er motteke gje slik informasjon som er kravd under punkt 1-4 og den delen av punkt 6 som gjeld køyring i samband med jakt.

Vedtaket er endeleg og partane kan ikkje klage.


Vedtaket er særleg tvangsgrunnlag etter lov 26. juni 1992 nr. 86 om tvangsfullbyrdelse og midlertidig sikring (tvangsfullbyrdelsesloven) kapittel 13, jfr mil. § 19 sjette ledd. Tvist om av vedtaket er gyldig kan bringast inn for domstolane.

Vedtaket er avsagt etter diskusjon på møtet 4. februar 2008 og seinare utveksling av tekst til vedtak på e-post mellom medlemene. Vedtaket er datert den dagen alle medlemene hadde gjeve samtykke til teksten.

Oslo, 14. februar 2008


Ørnulf Røhnebæk
nestleiar


Gunnar Bodahl-Johansen


Svein M. Søgne


Christine Molland Karlsen


Andreas Pihlstrøm